

Austrheim kommune

Arkiv: 103
Saksmappe: 06/00100 - 1
Sakshandsamar: Kjell Mongstad
Dato: 31.01.2006

Møtebok

| |
|--------------------|
| KOMM. OG REG. DEP |
| 13 FEB 2006 |
| 05/3280 - 268 |
| Ark. 661.0 |
| Avd. KO / KB / HER |

| Saksnr. | Utval: | Møtedato |
|---------|------------------------|----------|
| 013/06 | Austrheim kommunestyre | 08.02.06 |

Høyringsuttale til NOU 2005:18 - Nytt inntektssystem

Dokument i saka:

S Høyringsuttale til NOU 2005:18 - Nytt inntektssystem

Vedlegg: Power-Point presentasjon – Samandrag nytt inntektssystem

Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Høyringsuttale til NOU 2005:18 – Nytt inntektssystem. Austrheim Kommune er:

- Positiv til omlegging av inntektssystemet kvart 10. år
- Positiv til omlegging til eit prognosebasert inntektsutjamningssystem
- Positiv til den nye inntektsgarantiordninga
- Positiv til fjerning av ordninga med oppdaterte folketal i driftsåret
- Positiv til meir jamnlege oppdateringar av kostnadsnøklane for utgiftsutjamninga

- Negativ til omlegging frå regionalpolitiske tilskot til distriktpolitiske tilskot generelt, men positiv til å flytta kriteriegrensa for tildeling av tilskot frå 110% til 120% .
- Negativ til fordelingsnykelen mellom kommune/innbyggjar (85%/15%) – ny fordeling bør leggest på 50%/50% - fordeling
- Negativ til ei reduksjon av skjønnsramma for fordeling via Fylkesmannen
- Negativ til at kommunalt vegnett er utelatt frå fordeling gjennom inntektssystemet

Behandling i Austrheim kommunestyre 08.02.2006:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Austrheim kommunestyre - 08.02.2006:

Høyringsuttale til NOU 2005:18 – Nytt inntektssystem. Austrheim Kommune er:

- Positiv til omlegging av inntektssystemet kvart 10. år
- Positiv til omlegging til eit prognosebasert inntektsutjamningssystem
- Positiv til den nye inntektsgarantiordninga
- Positiv til fjerning av ordninga med oppdaterte folketal i driftsåret


- Positiv til meir jamnlege oppdateringar av kostnadsnøklane for utgiftsutjamninga
- Negativ til omlegging frå regionalpolitiske tilskot til distriktpolitiske tilskot generelt, men positiv til å flytta kriteriegrensa for tildeling av tilskot frå 110% til 120% .
- Negativ til fordelingsnykelen mellom kommune/innbyggjar (85%/15%) – ny fordeling bør leggest på 50%/50% - fordeling
- Negativ til ei reduksjon av skjønnsramma for fordeling via Fylkesmannen
- Negativ til at kommunalt vegnett er utelatt frå fordeling gjennom inntektssystemet

Særutskrift til partar i saka:

Dato: 09.02.2006

Austrheim Kommune
5943 Austrheim
Tlf.: 56 16 20 00 Fax: 56 16 20 01

- Det Kongelige Kommunal – og Regionaldepartement v/ Bjørn Ervik
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO



1. Saka gjeld:

Gjennom NOU 2005:18 – "Fordeling, forenkling, forbedring", vert kommunane beden om å koma med sin høyringsuttale til ei fullstendig omlegging av det kommunale inntektssystemet. Høyringa er på 500 sider og er for omfattande å be Kommunestyret setja seg tilstrekkeleg inn i. Saksutgreiinga vert

Denne saka vert difor presentert direkte i K-møtet gjennom ein power-point-presentasjon.

2. Saksopplysingar:

På grunn av det omfattande sakstilfanget (høyringa er på 500 sider), vert det vist til linkar på internett og til ein power-point-presentasjon.

Linkar og presentasjon vert sendt på mail til K-medlemene og høyringa vil verta presentert særskilt i K-møtet.

Her er høyringsdokumentet:

http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016051-020023/dok-bn.html

Her er KS sin informasjon om temaet:

http://www.ks.no/templates/KS/KS_Page.aspx?id=31735

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har laga ei informativ side om inntektssystemet, der det er vidare linkar til nyttige dokument, kart over fordelingsverknader m.m.

http://www.fylkesmannen.no/fmt_hoved.asp?tid=427&gid=472&amid=1239658&q428=x&q427=x

KS i Sogn og Fjordane har utarbeidd eit framlegg til høyringsuttale som også vert lagt ved mailen, men ikkje trykt opp. Dette er eit fylke med mange små kommunar som vert hardt råka av framlegget til endringa i det nye distriktpolitiske tilskotet (jf. avsnitt om vurdering).

3. Vurdering:

Høyringa handlar ikkje om meir eller mindre midlar til Kommune-Noreg. Det handlar om ei heilt ny omfordeling av dei midlar som allereie er i systemet.

Dette gjer at det er vinnarar og taparar, store som små og det vil vera uråd å finna ein uttale via KS, som kan gjelda for alle. Sjølv i vår eigen region Nordhordland, er det store ulikskapar og vinnarar/taparar.

Austrheim Kommune er ein liten vinnar...d.v.s. i det fordelingssystemet knytt til **kostnadsnyklane** er vi vinnar, medan det i det **distriktpolitiske** fordelingssystemet tilsynelatande ikkje vert endringar for kommunen (jf. avsnittet under).

Desse to omfordelingane lever kvar sine egne liv og står kvar for seg på egne bein.

Kommune kan såleis ha ulikt syn på dei 2 ulike fordelingssystema.

Kommunen ville ha vorte ein tapar i det distriktpolitiske fordelingssystemet, om NOU-en hadde vore utarbeidd i eit inntektsår der Austrheim var berettiga til regionaltilskot.

Framlegg til nytt distriktpolitisk tilskot er nemleg vesentleg endra i høve til kriteria for tildelingar av dagens regionaltilskot og

M.a. er det kome til eit nytt soneinndelingssystem og Austrheim vert etter dette systemet truleg

ikkje berettiga slikt tilskot. Grensa for bortfall av tilskot er endra frå 110%-skatteinntekt av landsgjennomsnitt til 120%. Dette er positivt for kommunen, men hjelper lite når vi truleg ikkje er berettiga slikt tilskot i det heile.

I dag får Austrheim Kommune regionaltilskot einskilde år. dette er ikkje fanga opp i fordelingsverknadane i NOU-en.

For dei kommunar i Sør-Noreg (ekskl. nokre fjellkommunar) som til ei kvar tid får regionaltilskot i dag, taper vesentleg på omlegginga. Fedje Kommune er eit godt døme i så måte.

Om dette og andre fordelingsverknader, vil rådmannen koma attende til i presentasjonen i K-møtet.

4. Konklusjon:

Rådmannen tilrår at Austrheim Kommune oversender ein høyringsuttale som bidreg til å få eit moderne og oppdatert inntektssystem, men der den distriktpolitiske profilen må styrkast vesentleg. Mange distriktskommunar har tapt på det eksisterande inntektssystemet, herunder Austrheim, og det vert vesentleg å få til eit nytt inntektssystem som no gjev noko oppretting av dei skeive fordelingsverknadane som kom etter Rattsø-endringa på midten av 90-talet. Dette meiner rådmannen å leggja opp til i sitt framlegg til høyringsuttale.